

Postpensjonistane i Sogn og Fjordane

Innvik 02.05.2015

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen
6863 Leikanger

Personsamfall mellom medlemmene i fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma Til uttale hos paraplyorganisasjonar og foreiningar

Syner til dykkar brev datert 26.03.2015 – 15/1745-2.

Styret i Postpensjonistane i Sogn og Fjordane har handsama denne saka og vil gje slik uttale:

Vi er samd i at namnet til fylkesrådet for funksjonshemma vert endra til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette vert då i tråd med dei omgrep som vert nytta.

Når det gjeld personsamanfall mellom medlemmene i dei to råda er vi imot ei slik endring. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsamar som oftast saker som gjeld personar på alle alderstrinn. Eldrerådet skal ta seg av saker som vedkjem dei eldre.

Vår oppfatning er at råda – slik dei er i dag – fungerer svært bra.

Vi har registrert at bakgrunnen for framlegget til endring er økonomi, dvs. å spare pengar. Vi er tvilsam til at det er store summar ein kan spare ved ei slik endring. Når råda skal ha to separate møte vert det lange dagar og møteutgiftene vert då større. Vi trur ein vinn lite på endringa.

Med venleg helsing

Postpensjonistane i Sogn og Fjordane

H. Ekroll
leiar

Styreleiar Harald Ekroll
6793 INNVIK
Tlf 57874258 / 48155590
harald.ekroll@enivest.net

Kasserar Einar Solem
Kongabergveien 16
6856 Sogndal
Tlf 57672351 / 94870066
einsolem@online.no

Leiar aktivitetsnemnd Eldbjørg Hustveit
6963 Dale i Sunnfjord
Tlf 48114939 / 57736243
hustveitel@gmail.com